



› MÅL

Giske kommune skal ha ein bærekraftig kommunal økonomi

MÅL	Giske kommune skal vere ute av ROBEK i løpet av 2021	Det skal vere økonomisk balanse i drifta kvart år i planperioden	Netto driftsresultat skal vere 1,75% av brutto inntekter frå 2021.	Det skal avsetjast til disposisjonsfond kvart år i perioden.	Disposisjonsfondet skal vere 10% av brutto driftsinntekter innan 2027.
Korleis lukkast	Følgje forpliktande plan	Alle einingar må tilpasse tildelt budsjettramme		Alle einingar må tilpasse tildelt budsjettramme	
Korleis måle	Bokført dekning av tidlegare års rekneskapsmessige underskot skal følgje forpliktande plan	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter		Av Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk skal 1,75% av brutto driftsresultat setjast av til disposisjonsfond	
Ambisjon 2020		0	1,75 %	1,05%	1,05 %
Resultatmål 2020	kr 10 864 745		1,05%	1,05%	kr 0
Resultat 2020	kr 0		-0,85%	-0,85%	kr 0

*Henta frå budsjett, alle tal i heile 1 000

Giske kommune har handlingsregel for økonomiskberekraft, jf. tabell under, som viser mål satt i økonomiplan og indikatorer for rekneskap 2020.

Handlingsreglar, retning for dei kommunale tenestene i planperioden

Nøkkeltall	Vedteke nivå	Resultat 2020
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	Minst 3-5%	-0,85 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Minst 5-10%	0 %
Netto finansutgifter i % av driftsinntekter	Maks 2-3%	8,38%
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maks 100%	150,59 %
Avvik frå budsjett (netto driftsresultat)	Maks 0,5-1%	187 %

Måltal vedteke i ksak 52/19

Modellen for økonomisk berekraft set krav til ei langsiktig økonomistyring av kommunen. Handlefriheit og robustheit er berande element i modellen. Kommuneøkonomien skal kunne handtere uforutsette hendingar utan at det får konsekvens for tenestetilbodet samtidig som generasjonsprinsippet vert ivaretatt.

Gjeldsnivået er over målalet, men ein ser ein nedgang som følge av at kommunen er i ROBEM og har begrensingar i høve nye låneopptak. Netto finansutgifter vil bli redusert som følge av reduserte låneopptak.

Kommunen har ikkje disposisjonsfond noko som gjer at Giske kommune er sårbar overfor svingningar og klarer ikkje å handtere uforutsette hendingar utan konsekvenser for tenestetilbodet.